

Innkalling til møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Møtedato: onsdag 13. november kl. 12.15
Stad: seminarrom 216 i HF-bygget (2. høgda)

Desse er kalla inn:

Frå gruppe A: Pernille Myrvold (arabisk), Kari E. Haugland (engelsk), Helge Vidar Holm (fransk), Reidar Veland (italiensk), Harry Solvang (japansk/kinesisk), Brita Bryn (russisk), Annette M. Jørgensen (spansk) og Åsta Haukås (tysk)

Frå gruppe B: Kristian Rusten

Frå gruppe C: Kari Soriano Salkjelsvik

Frå gruppe D: Alex Hsi, Stine Bach, Henriette Solheim og Elin Kristiansen

Dersom nokon ikkje kan møta, må dei sjølve ta kontakt med vararepresentant.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 – godkjenning av referat frå rådsmøtet 2. oktober 2013

Referatet ligg på www.uib.no/fremmedsprak (om instituttet - råd og utval - instituttrådet).

Sak 3 – orienteringssaker

A. tilsetjingssaker ved instituttet

B. vidareutdanninga ved instituttet og fakultetet

C. nye nettsider for tilsette ved UiB (www.uib.no/foransatte)

D. NFR-evaluering av forskinga i språkfaga

E. Styringsdialog (vedlegg 1)

F. Arbeidet med administrativ bemanningsplan for fakultetet

Sak 4 – rapport om oppfølginga av undervisningsrekneskapen ved IF

Sjå vedlegg 2 (rapport) og vedlegg 3 (gjeldande retningslinjer)

Framlegg til vedtak:

(1) Rådet tek til vitende den framlagde rapporten om oppfølginga av undervisningsrekneskapen ved instituttet.

(2) Det blir gjort følgjande justeringar i "Retningsliner for bruk av undervisningsrekneskapen ved Institutt for framandspråk":

- medarbeidarar som blir pålagde å delta som sakkunnig medlem i ein tilsetjingskomité under forskningstermin, får full utteljing for komitéarbeidet i undervisningsrekneskapen.*
- medarbeidarar som er heilt eller delvis frikjøpte for å leia eit forskingsprosjekt, får ikkje utteljing i undervisningsrekneskapen for rettleiing av stipendiatar og postdoktorar knytte til prosjektet*

Sak 5 – ny hms-plan for instituttet

Sakspapira vert ettersende.

Framlegg til vedtak: Rådet vedtek den framlagde hms-planen for 2014 og 2015.

Sak 6 – orientering om økonomien ved instituttet

Økonomirapportar følgjer som vedlegg 4 og 5.

Sak 7 – nye retningsliner for rådet ved Institutt for framandspråk

Fakultetet har opna for at institutta kan opna for fleire representantar i rådet, og IF vedtok 15. mai 2013 (sak 6) å utvida rådet slik at kvart ordinært fag stiller med ein representant frå gruppe A. Fakultetet har bede institutta senda inn reviderte retningsliner for råda. Framlegg til nye retningsliner for IF følgjer i vedlegg 6.

Framlegg til vedtak: Rådet vedtek det framlagde utkastet til retningsliner for rådet ved Institutt for framandspråk.

Retningslinene skal godkjennast av fakultetet.

Sak 8 – Krav om norskkunnskapar for utanlandske tilsette

Framlegget til retningsliner om norskkunnskapar for vitskapleg tilsette vart sendt ut til alle ved instituttet med e-post 25. oktober.

Framlegg til vedtak: Institutt for framandspråk støttar framlegget til retningsliner for krav om norskkunnskapar for utanlandske tilsette.

Sak 9 - ymse

Leiv Egil Breivik,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef